

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 15/8709-6

Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19

::: **Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:
Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2016-19.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19".
3. Driftsbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B. Dette inneber at 2 173,076 mill. kr til driftsføremål vert fordelt på sektornivå slik i 2016:

	Programområde	Budsjett 2016
400	Politisk styring	41,397
410	Kontroll og revisjon	4,289
420	Administrasjon	77,299
421	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	9,370
430	Administrasjonslokaler	6,108
460	Tjenester utenfor ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde	0,675
480	Diverse fellesutgifter	11,403
715	Lokal og regional utvikling	11,863
716	Friluftsliv og miljø	5,756
	Sum forvaltning	168,160
510	Skolelokaler og internatbygninger	103,522
515	Fellesutgifter og støttefunksjoner knyttet til videregående opplæring	66,495
520	Pedagogisk ledelse, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevsoppgjør	120,419
521-532	Utdanningsprogramma	331,951
554	Fagskole	24,329
559	Landslinjer	4,955
561	Oppfølgingstjenesten og pedagogisk psykologisk tjeneste	20,385
562	Spesialundervisning og særskilt tilpasset opplæring	70,203
570	Fagopplæring i arbeidslivet	99,533
581	Voksenopplæring etter opplæringsloven	5,706
590	Andre formål	9,936
	Resultatoverføring opplæring	

	Sum opplæring	857,434
660	Tannhelsetjeneste - fellesfunksjoner	18,089
665	Tannhelsetjeneste - pasientbehandling	63,557
	Resultatoverføring tannhelse	
	Sum tannhelse	81,646
700	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	0
701	Tilrettelegging, støtte-/finansieringsbistand næringslivet	78 803
740	Bibliotek	5,882
750	Kulturminnevern	13,148
760	Musèer	16,654
771	Kunstformidling	9,943
772	Kunstproduksjon	11,490
775	Idrett	3,293
790	Andre kulturaktiviteter	11,010
	SUM NÆRING og KULTUR	150,223
722	Fylkesveier, miljø- og trafikksikkerhetstiltak	465,447
730	Bilruter	264,029
731	Fylkesveiferjer	115,963
732	Båtruter	107,875
733	Transport (ordninger) for funksjonshemmede	10,299
	Sum samferdsle	963,613
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-48,000
	Til fordeling drift - frå skjema 1A	2 173,076

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *innsparingspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.

Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017, innanfor ei årleg ramme på 2,7 mill. kr og ny fleirårig avtale med Fjord Norge, innanfor ei årleg ramme på 3 mill. kr. Avtalane skal utarbeidast innanfor rammene til programområde 701 tilrettelegging for næringslivet.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

4. **Kapitalbudsjettet for 2016** og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2016:

	Budsjett 2016
Investeringer i anleggsmidler	607,071
Kjøp av aksjer og andeler	2,000
Årets finansieringsbehov	609,071
Finansiert slik:	
Bruk av lånemidler	311,000

Tilskudd til investeringer	145,300
Kompensasjon for merverdiavgift	102,106
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	7,900
Sum ekstern finansiering	566,306
Overført fra driftsbudsjettet	18,145
Bruk av avsetninger	24,620
Sum finansiering	609,071

Sektorfordeling	
Forvaltning og fellesutgifter	11,400
Opplæring	198,871
Tannhelse	4,000
Samferdsle	391,400
Kultur	3,400
Sum fordelt - frå 2A	609,071

5. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Finansutvalet sitt framlegg til Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19
2. Saksframlegg og protokoll frå KU-sak 34/15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Arbeidsdokument 5/15-7/15

Saksframlegg og protokoll frå FT-sak 26/15; Økonomiplan 2016-19

SAKSFRAMSTILLING

Finansutvalet la 4. november fram sitt framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Dette dannar grunnlaget for den vidare politiske slutthandsaminga. Dokumentet følgjer som vedlegg 1.

Tilrådingane i denne saka baserer seg på finansutvalet si handsaming av arbeidsdokumenta 5/15-7/15. Desse er tilgjengelege på fylkeskommunen si heimeside – sfj.no – under politiske saker.

Kontrollutvalet (KU) sitt budsjett/økonomiplan

KU utarbeider framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Dette skal følgje budsjettframlegget til fylkestinget. KU handsama i sak 34/15 framlegg til eige budsjett for 2016/økonomiplan 2016-19. Utvalet gjorde vedtak om å be om ein auke på 0,100 mill. kr for åra 2016-17 knytt til eige opplæringsbehov. I finansutvalet sitt framlegg er dette ikkje innarbeidd/imøtekome. Saksframstilling og protokoll (KU) følgjer som vedlegg 2.

Nye fleirårige avtalar – næring

Fylkeskommunen har to fleirårige avtalar innafor reiseliv; med destinasjonsselskapa om reisemålsutvikling mm. og med Fjord Norge om internasjonal marknadsføring. Begge avtalane har 2015 som siste avtaleår.. I utgangspunktet var planen å få godkjent desse avtalane som ein del av sluttbehandlinga av budsjettet/økonomiplan, då det berre er fylkestinget som kan binde opp fylkeskommunal økonomi i fleirårige avtalar.

Det viser seg no at utarbeidinga av avtalane har teke noko lenger tid enn føresett, og at desse ikkje er klare for politisk handsaming før i februar 2016. Fylkesrådmannen tilrår difor at hovudutvalet for næring og kultur får delegert fullmakt til å godkjenne desse avtalane innafor følgjande rammer (lagt inn i tekstdokumentet for nærings- og kultursektoren):

- Avtalen med destinasjonsselskapa:
 - Varigheit: 2016-17
 - Årleg ramme: 2,7 mill. kr
- Avtalen med Fjord Norge:

- Varighet: fleirårig, truleg 3-årig (2016-18)
- Årleg ramme: inn til 3 mill. kr
- Avtalane skal utarbeidast innanfor rammene til programområde 701 tilrettelegging for næringslivet.

Konsekvensjustering - kulturramma

Tidlegare hovudutval for kultur vedtok i si budsjettsak i september at fylkeskommunal løyving til drifta av Gulåtinget ikkje skulle reduserast. For å kunne følgje opp dette vedtaket må 0,177 mill. kr flyttast frå programområde 790 Andre kulturaktiviteter til programområde 760 Museum. Flyttinga mellom programområda må godkjennast av fylkestinget. Endringa er lagt inn i finansutvalet sitt framlegg i vedlegg 1.

Avsetting til tunnelvedlikehald i 2016

Som ein del av tertialrapport 2/15 vart det vedteke å setje av 20 mill. kr til tunnelvedlikehald i 2016. Dette var ikkje med i talgrunnlaget i arb.dok 7/15. I finansutvalet sitt framlegg er denne endringa lagt inn ved å auke opp Programområde 722 Fylkesvegar, miljø- og trafiksikkerheit med 20 mill. kr og auke bruken av disposisjonsfond tilsvarande.

Rassikring

I budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 er det sett av 10 mill. kr årleg til mindre rassikringstiltak. Følgjande tiltak blir prosjektert i 2015 med tanke på å kunne finansierast innanfor denne ramma i åra framover:

- Fv. 242 Skjerdalsberget; reinsk og sikring, kostnadsoverslag 5 mill. kr
- Fv. 50 Østerbø; Det trengst ein vinter til for å vurdere plassering av Wyssentårn
- Fv. 241 Nautgrov; Ikkje ferdig prosjektert,
- Fv. 53 Eldegardsberget; Ikkje ferdig prosjektert
- Fv. 615 Bukollesvora; Ikkje ferdig prosjektert

Hovudutval for samferdsle har fullmakt til å fordele desse midlane på prosjekt. Men for å sikre ei effektiv framdrift tilrår fylkesrådmannen å nytte 5 mill. kr til reinsk og sikring av fv. 242 Skjerdalsberget i 2016. Resterande midlar vert fordelte av Hovudutval for samferdsle i løpet av 2016. Denne føringa er lagt inn i den tekstlege omtalen av rassikringsmidlane i vedlegg 1.

Reduksjon i 551.61 – midlane (kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift)

I finansutvalet 4.11.15 opplyste fylkesrådmannen at regjeringa i ein tilleggsproposisjon til statsbudsjettet (2016) viser korleis den styrka innsatsen i høve flyktingetilstrøyminga bør finansierast.

Som ein del av finansieringsopplegget er dei avsette midlane til kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift redusert med 50 mill. kr. Dette kjem i tillegg til alt varsla reduksjon.

I 2015 var totalsummen for landet på 360,7 mill. kr. I opphavelag framlegg til statsbudsjett vart denne summen redusert til 205,3 mill. kr på landsbasis. I tilleggsproposisjonen vert dette no redusert til 155,3 mill. kr.

Vår fylkeskommune brukar å få om lag 11,5% av desse midlane. Det betyr i praksis at vi samla vil få ein realreduksjon samanlikna med 2015-nivået på om lag 24 mill. kr. Reduksjonen får ikkje direkte utslag på driftsrammene våre, men vil i stor grad påverke den samla fylkeskommunale innsatsen til regionalt utviklingsarbeid.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑